

Til Statens vegvesen/Sogndal kommune

Merknad til reguleringsplan for utbetring av rv. 55 Fardal – Bondeviki 3. gongs høyring

Ser i melding om vedtak at det skal bli «tryggare for sykkistar» og betre for biltrafikk. Når det skal brukast minst 150 millionar på 3 km, er det trist at gåande blir gløynde; kven vil la barn yngre enn 10 år ferdast på ei vegskulder på 1,5m på veg til/frå busslomme/skulebuss?? Med betre vegstandard vil den reelle fartsgrensa fort bli 100km/h.

Ser òg i sakstilfanget at det er lagt ned mykje arbeid i «reguleringsplan for Eskestrand ut» - «reguleringsplan inn att», fritidsbustader contra utleigehytter, for så å komma fram til at alt dette ikkje betyr noko som helst for sjølve vegprosjektet!

Når det skal brukast så store pengebeløp, bør SSV og kommunen heller bruke tid og krefter på å få til ein skikkeleg og trygg gang- og sykkelsti: **få begge skuldrane (3 m) på ei side, og så skilje biltrafikk og mjuke trafikkantar med autovern eller støypekant**. Strekningane her er lange og oversiktlege; slik sett burde det ikkje vera problem for «proffe sykkistar» og møta kvarandre og dele på 3m. Nyopna sykkelstiar her i Bergen er 3 – 3,5 m breie med gul midtstripe og relativt stor sykkeltrafikk.

Sidan ein skal behalda murane på nedsida på store delar av strekinga, og utvidinga av den grunn kjem på oppsida – kvifor ikkje heva stien med 1 m som t d på Hagalandet? Då vil ein unngå sølesprut, og det blir mindre masse å sprenga vekk; slik sett eit vinn-vinn prosjekt for alle partar.

Bergen, 14.03.2019

Ledvin Uglane

sign